



NSG
Norsk Sau og Geit

Referat

Årsmøte "Sogn og Fjordane Sau og Geit"

Tidspunkt: 25. - 26. Februar 2010

Stad: Skei Hotell, Jølster

Tal møtte : 49 deltakarar

Representantar frå lokallag : 23 Lokallag representert med stemmerett 26 Deltakarar

Representantar frå styret : 5

Samla stemmeberettiga: 31

Andre representantar: 9

Innleiarar: 5

Innbedne gjester: Ove Ommundsen, NSG

Per Hilleren Sogn og Fjordane Bondelag

Leiar Halvar Espeseth ønskte møtelyden, gjester, føredragshaldarar velkomne. Markerte Jon Heggdal sin bortgang med 1 minutts stillheit. Jon Oddvar Kandal spelte fleire slåttar som vart ei verdig opning av årsmøtet.

Program fredag 25. Februar

Nytt frå Tine ó Helga Kvamsås

- Geitetal, ytelse, geitemelkekvote, kvalitet, frie fettsyrer. I Sogn og Fjordane og ellers i Tine. Snitttal for Sogn og Fjordane 91 geit, 686 kg melk levert/årsgeit, ca 92 % av geitemelkkvoten vert levert, så det er litt å gå på. Elitemelkprosenten har auka med 5% i fylket siste året.
- Avlsarbeid. Kåringa av bukkar er viktig for å ha god seleksjon. I Sogn og Fjordane vart det kåra 88 bukkar i 2010 av totalt 205 i vår region. Det vert også vektlagt genstatus.
- Melkeprisen har auka i gjennomsnitt frå kr 7,43/liter i 2009 til Kr 8,08 /liter i 2010.
- Strategiplan for geit. Hovudformålet å skape ei lønnsom omsetning i Noreg og internasjonalt. Meir retta mot salg og marked. Viktig å fokusere på geita som eit beitedyr.

Geit i Vekst - Ola Søgnesand

- Snakka om Geit i vekst, organisering , finansiering.
- Sa litt om kva ein god geitefjøs inneheld med omsyn til byggningsløyningar, areal, teknisk utstyr til føring og drift, melkestall etc. Totalkostnad på bygg til 170 geit ca 4 million, ca 7800 / kvadratmeter bygg. 550 kvadratmeter bygg. Dyrerommet ca 320 kvadrat. Areal/ geit har lagt på 0,7-0,8 kvadratmeter sidan 70-80 talet. No anbefalar ein 1,2 kvadratmeter/geit. 1,5 kvadratmeter i økologisk drift.
- Sanering av geitebuskarar gjennom Friskare geiter. Innmeldingsfrist for påmelding av sanering 31.desember 2011. Det er difor viktig å få testa alle besetningar og få desse sanert.
- Kjekjøtt. Orienterte om korleis ein har jobba med denne utfordringa. Refererte til møte i Førde 1. Februar. Nortura har sett i gong eit prøveprosjekt her på salgssida i 7 butikkar i Oslo . Nortura vil prøve heve prisen på geitekjøtt. Nortura ynskjer også å få heva vekta på kje til 5-7 kg. Prisane på kjekjøtt og leveringsvilkår vert uendra for 2011. Det vil komme endringar på dette frå 1/1 2012.

Ove Ommundsen - NSG

NSG er viktige som avlsorganisasjon.

- Jobbar for auka pris og kjøttmarkedet, rovdyr som er grådig viktig.
- Hjelper lokallag til å lage beitebruksplan.
- Verneplanar (til dømes utkjøring av saltstein med skuter)
- Forsking på føring av sau. Vi må ha ein lettare morsau. Smittevernplan for kjøp og salg av dyr.
- Aktivitet i lokal og fylkeslag. Miljøet i lokallaga er grådig viktig. Bruk tenesteveg i saker.
- Ny landbruksmelding.
- Korn, matforsyning. Avling / dekar må opp.
- Dyr som kan klare seg best i framtida er dyr som nyttar beiteressursar, brukar mindre kraftfôr, som heller kan nyttast til mat.

Gruppearbeid - Innspel til Jordbrukstingingane.

Geit :

- Geitemelk
- Kjekjøttproduksjon
- Ammegeitproduksjon
- Tilskotsordningar
- Innvesteringsmidlar

Sau:

- Dyretilskot
- Arealtilskot
- Avløyartilskot

- Målpris
- Andre innspel

Jenny Wright Johnsen - Felleskjøpet

- Koparforgifning
- Føring, kraftforval, mineraltilskudd
- Sauesignal
- Innrednings og I-Mek løysningar samt bygg til sau.

Helen Haaland ó Fylkesmannen

- Tap. Beitelaga er viktige i denne jobben. Stor variasjon mellom beitelaga i tapstal.
- Mål om å 5 % tap av lam på utmarksbeite innan 2015. Planen er tenkt revidert etter 3 år.
- Fokus på tap. Store fine lam ved beiteslepp, parasitt/snyltarbehandling, tilsyn, aktivitet i beitelaget-miljø, rett rapportering og dokumentasjon.
- Flått. Større problem enn vi trur. Fører til direkte og indirekte tap. Rapport frå beiteprosjekt i Møre og Romsdal. Ingolf Folven: Det vert tipsa om at det er 2 typar vaksine mot pulpanyre, den eine inneheld også vaksine mot pasturella infeksjon og har ein P etter produktnamnet, (eks Ovivac P , men kan og vere andre produsentar/produkt.) og bør brukast der ein har flått i beitet.
- Aktivitetspris. Vil premiere det beitelaget med best aktivitet.
- Skal utfordre 2 av dei beitelaga som har høgast tap. Startpakke med parasittpakken.
- Utprøving av radiobjøller og 250 lammenodar, vidare utprøving i same beitelaga som sist år. Kan søke om investeringstilskudd til org beitebruk. 900 000. søknad gjennom SMIL landbrukskontoret innan 15. mars. Støtte inntil 70 % av tilskotsgrunnlag.
- Betre rapportering.
- Seminar om tapsårsaker. 13.-14.Januar 2012.
- Fjösskular i sauefjøset ó Pilotprosjekt.
- Prosjektstilling på sau. Samarbeid mellom anna med landbruksrådgjevinga.
- Forskrift om erstatning for tap av sau på beite.

Johannes Nedrebø ó Nortura:

- Marknadssituasjonen for sau og lam.
- Utfordringar i marknaden og kjedane si marknadsmakt.
- Produktutvikling og profilering av merkevarer.
- Satsing på produkt med øhistorieø for matopleving, samarbeid med hotell.
- Arbeidet med omsetjing av kjejkjøt. Strategisk avklaring i løpet av 2011.

Innspel til jordbrukstingingar SFSG 2011

Tillegg til fellesinnspel frå HSG,SFSG og MRSG

Etter gruppearbeid fredag vart resultatane samanfatta til denne uttalen.

Geitemjølkskvote

Forslag: Å avvikle privat omsetning av geitemjølkskvote, men i staden la SLF styre omsetninga av kvotene. Bakgrunnen for dette er ønsket om å motverke effekten av at store bruk som allereie innehar stor kvote, kjøper meir og der mindre bruk, med mindre tilgjengeleg kapital, ikkje blir kjøpskraftige. Dagens situasjon bidreg til å auke gapet mellom små og store bruk.

Grappa ønsker å ha fylket som omsetningsregion, slik det er på kyr.

Kjekjøttproduksjon

Avventer Nortura sin innstilling.

Ammegeitproduksjon

Forslag: Å setje ammegeit i ein eigen klasse med same sats som sau, slik at ein unngår nedgang i tilskot dersom ein har meir enn 50 dyr totalt. Sau og ammegeit bør framleis ha same tilskotssats differansen mellom ammegeit og melkegeit bør opprethaldast.

Tilskotsordningar

Grappa meiner det bør stimulerast til beitebruk, med vekt på utmarksbeite og styrt beiting i verneområde. Forslag: Nytt intervall i tilskotsordninga til mjølkegeit:

1-75 = 1500 kr

76-125 = 1120

126-250 = 412

Bakgrunnen for dette forslaget er ønsket om å styrke dei små bruka som er og til ein viss grad halde igjen utviklinga som går mot store bruk. Grappa ønskjer å halde på taket på mjølkekvote på 200 000 liter per bruk, for å unngå vidare akselerasjon i storleik på bruka.

Innspel til jordbrukstingingar SFSG 2011

Sau over 1 år 0 - 50, i dag:	<u>1010,-</u>	Ny: 1055,-
Sau over 1 år 51 - 75, i dag:	<u>799,-</u>	Ny: 860,-
Sau over 1 år 76 - 100, i dag:	<u>799,-</u>	Ny: 860,-
Sau over 1 år 101-200, i dag:	<u>270,-</u>	Ny: 335,-
Sau over 1 år 201-300, i dag:	<u>133,-</u>	Ny: 150,-
Utegangarsau 0-300, i dag:	<u>180,-</u>	Ny: 180,-
Lammeslakt klasse 0 eller bedre, i dag:	<u>179,-</u>	Ny: 200,-
Tillegg Økologisk 0- eller bedre, i dag:	<u>34,-</u>	Ny: 34,-
Utmarksbeitetilskot i dag:	<u>115,-</u> pr dyr	Ny: 155,-
Beitetilskot i dag:	<u>60,-</u>	Ny: 65,-

Arealtilskot:

0-250 da Fulldyrka, i dag: 208,- pr da Ny: 220,-

Kulturlandskapstilskot i dag: 191,- (for alt areal) Ny: 210,-

Avløysartilskot i dag:	<u>446.-pr.sau.</u>	Ny: 460.-
Auke max tilskot frå	64000.- til	Ny: 70000.-
Tilskot sjukdom i dag,	1250.-pr.dag	Ny: 1500.-

Målpris på lam:		
Dagens målpris er:	59,15	Ny: 61,65.-

Andre innspel:

Ta bort botnfrådraget.

Sjukdomsavløsning-trekk av lønnsinntekt ved utrekning av tilskot må fjernast.

Tilskot til elektronisk overvaking må vidareførast

Tilskotsordningane og rentestøtte ved investeringar må aukast

Utdeling av premiar

Premieutdelinga vart lagt til middagen fredag kveld .

Beste bukk: mottakar var Lars Olav Vanberg

Beste vær: mottakar var Leif Arne og Ester Nordheim

Beste geit: mottakar Sigurd og Grete Vikesland

Lørdag 26.februar

Nytt frå lokallaga

Tom Idar Kvam uttrykte bekymring forrekrutteringa til avlsarbeidet så lenge det er så arbeidskrevjande som i dag.

Anne Moen: Fokuserte på problemstillingar som vedkjem produksjonar utan om samdrifter. Dette med bakgrunn i framlegg frå LMD om endring i kvoteregulverket

Rune Myklebust: Listene til organisert beitebruk har personnr. dette er ynskjeleg å få endra på.

Jonny Lofnes tok ein gjennomgang av heimesida til fylkeslaget.

Andre tema som vart tekne opp: Diskusjonssider, lokallagssider og ansvarleg for desse, annonseverdi , e-postadresser til alle lag , SMS varsling , bruk av nye media for enklare kommunikasjon med medlemmane (NB ikkje gløym dei som ikkje brukar internett)

Årsmeldinga blei diskutert, papir eller nett?

Audun Nedrebø: Avlsutvalet vil ha møter med lokallag

Kontakt mellom geitehaldarane i fylket (Jølster sau og geit)

Avl sau, få yngre til å interessere seg for avlsarbeidet

Nsg på eine sida og Tine på andre sida i geiteavlen, betre samordning.

Per Ravndal: dei som driv avlsarbeid bør få ekstra godtgjering for arbeidet dei legg ned

Årsmøtesaker.

Saksliste:

Tal røysteføre:31

Sak 1. Godkjenning av innkalling.

Godkjent utan merknader.

Forslag om å følge standardvedtektene for rekkefølge av saker i årsmøte.

Godtgjersle blir teke opp under val.

Innspel til jordbrukstingingane vert teke etter dei ordinære årsmøtesakene.

Forslaga fekk samrøystes tilslutning

Val referent Leif Brekken vart samrøystes vald.

Sak 2. Val av 2 til å skrive under møteboka saman med møteiar:

Lise Elvagjeng og Morten Rygg einstemmig

valnemnda blei vald til teljekorps.

Sak 3. Årsmelding 2010:

- Møteiar gjekk gjennom årsmeldinga for godkjenning side for side
- Merknad til hedding side 17 hadde feil årstal.
- Vart litt diskusjon omkring gjetarhund, det kom og forslag om å ta med kadaversøk som arbeidsfelt for gjetarhundnemnda.

Sak 4. Rekneskap 2008:

Eigenkapital 1/1 09	kr 347 095.-
Renteinntekter	kr 5994.-
Årsunderskot	kr 36729.-

Ragnhild Sæle gjekk gjennom rekneskapen og forklarar litt om dei ymse postane.

Erling Offerdal: Vanskeleg å få inn nok midlar til å drive lag både sentralt og lokalt.

Lise Elvagjeng: Sogndal gjekk aktivt ut og verva dette resulterte i 6 nye medlemmar.

Halvar Espeseth: tok opp spørsmål om årsmeldinga på papir eller nett, fylkeslaget har spart 25000 i år på å gå over til å legge årsmeldinga ut på nett. Ordninga i år vert vidareført.

Erling Offerdal: Kontingentane er høge nok, viktig å ha alle som medlemmar.

Miriam Friberg, Audun Nedrebø, Eli Berge Ness, Ingolf Folven samanslåing av lag eller samarbeid mellom lag eit vanskeleg tema som laga sjølve må bli einige om.

Sak 5. Arbeidsplan 2011:

Styremøte i april
Styremøte juni
Fjelldag Lærdal juli/august
Styremøte månedsskifte august/september
Klippekurs Jølster?
Oppfølgingskurs nye småfeholdarar oktober
Leiarsamling m. styremøte 3.-5. november, i samband med stormøte for landbruksfagлага
Styremøte første veka i desember
Fagdagar sau 2. helga i januar i regi av Nortura. Styremøte.
Årsmøte februar
Oppfølging lokallag

Halvar Espeseth orienterte litt om leiarsamlinga, det har dei siste åra vore ein del reising og dette har då kosta lokallaga ein del.

Orienterer om stormøte til hausten og orienterar om at styret vurderer å legge leiarsamlinga til den helga.

Oppfyljing av fadderordninga.

Lise Elvagjeng: Fylkeslaget kan orientere om at seminkursa no kan haldast lokalt.

Klyppekurs bør stå på jølster sin arbeidsplan og ikkje fylkeslaget på sin plan.

Noralf Høydal: Meinat det må sendast ein representant til geitedagane 2011 i Tromsø.

Olav Myrhol: Fjelldag i Nordalsfjorden Første del i Juli. Føyast til arbeidsplanen

Arbeidsplanen godkjent med nemnde endringar

Sak 6. Framlagde saker:

Ingen

Sak 7. Budsjet 2011:

Eit totalbudsjett: Inntekter på kr 423.000.- og Utgifter kr 429.000.-

Renteinntekter kr 6000,- Grep som må gjerast er å sjå på lokalisering av leiarsamlinga som ein vil prøve å legge til Skei.

Halvar Espeseth gjekk gjennom budsjett for 2011.

Budsjettet verkar realistisk.

Lars Nesse: Forslag om å endre posten andre utgifter frå 11000 til 6 000, og lage ei pott på 5000 til aktive lokallag.

Lise Elvagjeng: Korleis skal tildelinga vere?

Eli Berge Ness: Søknadsfrist, søknad på førehand eller i etterkant ?

Tom Idar Kvam: Ikkje fylkeslaget sin jobb å støtte lokallag.

Ragnhild Sæle: Konkrete søknader har blitt handsama.

Framlegget frå Lars Nesse vart teke opp til avrøysting, fekk 13 røyster og fall.

Budsjett godkjent utan fleire merknader.

Sak 8. Val:

Tillitsvalde i Sogn og Fjordane Sau og Geit for 2011.

Styre for 2010

Hallvar Espeseth ny leiar

21 røyster, 10 blanke

Styremedlem 2 år

Forslag Leif Brekken attval

Lars Nesse ny

Leif Brekken 10 røyster

Lars Nesse 18 røyster

2 blanke og ei vraka.

Tom Idar Kvam styremedlem,
sagt frå seg attval.

Nytt styre 2011

Hallvard Espeseth Attval (1 år 2011)

Lars Nesse ny 2 år

Forslag: Lene Rasch ny 2 år

Lene Rasch 30 røyster, 1 blank

Eva Høydal styremedlem

Lene Rasch ny 2 år

Eva Høydal ikkje på val

Eli Berge Ness sekretær.

Eli Berge Ness ikkje på val

Styret har i møte 24.02.11 gjeve Eli Berge Ness permisjon frå styret frå årsmøte 2011 for siste året i valperioden.

Val av nestleiar:

Eva Høydal 18 røyster

Lars Nesse 10 røyster

3 blanke stemmer

Eva Høydal nestleiar 1 år

Varafolk i nummer- rekkefølge, valde for 1 år.

Varafolk 2010

varafolk 2011

1.Lars Olav Vannberg

2.Anne Karin Dalsbotten

3.Olav Myrhol

4.Mirjam Friberg

Det skal vere 3 varafolk

Revisorar

Kjell K. Erikstad

Inge Erikstad

1 vara Mirjam Friberg

2 vara Anne karin Dalsbotten

3 vara Olav Myrhol

Grete Vikesland

30 stemmer Ny

31 stemmer

19 stemmer

12 stemmer

Ny 1 år

attval 1 år

Vara -revisor: Øystein Årdal

Jon Helge Sandal

Ove Årdal

Jon Helge Sandal

Ny 1 år

attval 1 år

Sak 9. Utsendingar til landsmøtet 2011:

Halvar Espeseth
Lars Nesse
Eva Høydal
Lene Rasch

Varautsendingar til landsmøtet i nummer- rekkefølge 2011.

1 Tom Idar Kvam
2 Mirjam Friberg
3 Anne Karin Dalsbotten
4 Olav Myrhol

Sak 10. Valnemd:

Brita Einemo Zwart går ut etter 3 år. Noralf Høydal
Margareth Skåre
Ny medlem i valnemnda: Lise Elvagjeng 18 røyster
Leif Brekken 13 røyster

Sak 11. Møteleiar:

Møteleiar: Ingolf Folven
Vara : Rune myklebust

Sak 12. Innspel til jordbrukstingingane:

Sigurd Vikesland: vil byte ut punkt om økologisk geitehald med det som står i felles innstilling.

Ingolf Folven: forslag om å kutte punkt om økologisk geitehold.

Forslaget til Ingolf Folven vart einstemmig vedteke.

Halvar Espeseth runda av årsmøtet og takka for tilliten som vart vist ved å velje han til leiar for eit nytt år sjølv om der var ein del blanke stemmer. Sa og litt om framtida og lova at styret skulle arbeide endå hardare til felles beste i året som kjem. Takka også valnemnda for godt arbeid. Samla både det gamle og det nye styret til avskjed og velkomst.

Referent

Møteleiar

Årsmøtevalde til å skrive under referat.

(Sign.)
Leif Brekken

(Sign.)
Ingolf Folven

(Sign.)
Lisa Elvagjeng

(Sign.)
Morten Rygg